Årsmøte i Odda Mållag sundag 26.02.2022 kl 18.00 i Ungdomshallen

Det var i alt 18 frammøtte - alle med røysterett.

Tidspunkt for møtet vart kunngjort på www.odda-maallag.no den 6. februar, på e-post til medlemene 29. januar, SMS den 2. februar og med lysing i Hardanger Folkeblad 17. og 21. februar.
Innkalling med sakliste og årsmelding frå styret vart sendt ut til medlemer elektronisk eller på papir.

Leiar i laget Sigrid E. Lerbak ønska velkomen til møtet og gav ordet til Berit Ruland Fosse som las dikta "Vennskap" og "Ein hjertevenn".

Sakliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av ordstyrar
3. Val av skrivar og to protokollunderskrivarar
4. Godkjenning av årsmeldinga for 2022
5. Godkjenning av rekneskapen for 2022
   Rekneskapen vert lagd fram i møtet
6. Årsplan
7. Val av styre
8. Val av valnemnd
   Styret kjem med framlegg
9. Val av revisor
10. Val av utsendingar til årsmøtet i Hordaland Mållag
11. Målprisen 2022

Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste
Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste og møtet er lovleg sett.

Sak 2. Val av ordstyrar
Terje Kollbotn vart samrøystes valt til ordstyrar i møtet.

Sak 3. Val av skrivar og to protokollunderskrivarar
Harald Jordal var samrøystes valt til skrivar for møtet.
Jorid Ystanes og Lars Mannsåker vart samrøystes valde til protokollunderskrivarar.

Sak 4. Godkjenning av årsmeldinga for 2022
Då årsmeldinga var sendt ut til medlemene før møtet, vart den ikkje lesen opp.
Etter framlegg frå Knut O. Dale hadde Sigrid eit samandrag av innhaldet. Ho sa og at meldinga var styret si årsmelding.
Møteleiar Kollbotn presiserte at merknader måtte leverast skriftleg til møteskrivar.
Meldinga var votert over kapittel for kapittel:
Kap 1-3: Ingen merknader
Kap 4: Vaksenopplæringa. Knut O. Dale og Harald Jordal svara på spørsmål frå Siri Jordal
Kap 5-6: Ingen merknader
Kap 7: Knut O. Dale presiserte nemning "beste nynorskelev " på Odda vidaregåande skule slik;" Det vert delt ut to målprisar. Den beste eleven får Opedalprisen, medan den nest beste eleven får nynorskprisen. Nynorskprisen er og ei påskjønning for bruk av nynorsk i alle fag"
Kap 8-9: Ingen merknader

Årsmøtet vedtok styret sitt framlegg til årsmelding, med merknaden til kap. 7.

Sak 5. Godkjenning av rekneskapen for 2022
Kasserar Håkon Tverdal opplyste at rekneskapen ikkje var klar for handsaming i dette møtet. Økonomien i laget er derimot svært god og han viste saldo over disponible midlar med inngang og utgang av 2022. Rekneskapen er forventa ferdig revidert i mai.

Årsmøtet har to val:
1. Vedta omframt årsmøte før sommarferien.
2. Delegera fullmakt til styret.

Votering:
Alt. 1: Ingen røyster
Alt. 2: Samrøystes

Årsmøtet vedtok å gje styret fullmakt til godkjenna rekneskapen for 2022 når revisjonsmeldinga er klar.

Sak 6. Årsplan for 2023
Sigrid E. Lerbak las opp laget sin føremålsparagraf og gjorde greie for innhaldet i årsplanen slik den føreligg så langt.

26. februar: årsmøte og innlegg av Peder Lofnes Hauge og Knut O. Dale
11.-12. mars: deltaking på årsmøtet til Hordaland Mållag
1. juni: innleveringsfrist for Odda i manns minne nr. 32
24.-25. juni: Røldalsmarknaden
November: Kulturkveld med utdeling av målprisen og lansering av Odda i manns minne nr. 32
Desember: Salsbu på Sørfjordsenteret

Knut O. Dale la fram fylgjande punkt for oversending til styret:

- Samling på Sandvin for småbarnsforeldre før jol
- Kulturtur – gjerne til Telemark med overnatting
- To lysingar i Hardanger Folkeblad før innskrivinga i fyrste klasse i høveleg tid før innskrivinga. Lysinga skal stå på side 3.
- Deltaking på kurs – om økonomien tillet det.
- Arbeid for nynorsk i nærings- og forretningsliv t.d. i Røldal skisenter.
- Vilkåra for nynorskelevane – hindra at nynorskelevar går i språkblanda klassar i Ullensvang. Møte med skuleadministrasjon, oppvekstsjef og politikarar.
- Samarbeid med mållaga i Hardanger, Kvinnherad og på Voss.Utveksling av idear, røynsler m.m.
- Saker på fylkes- og landsnivå: Lover, føresegner og regelverk som hindrar at nynorskelevar går i målblanda klassar i grunnskulen.
- Digitale læremiddel. Lovfesting med presisering som seier at slike læremiddel skal vera tilgjengelege på nynorsk og bokmål samstundes og til same pris. Lovbrot må føra til sanksjonar dvs. økonomisk straff.
- Like krav i hovudmål og sidemål i den vidaregåande skulen. Like eksamenskrav og obligatorisk eksamen i eksamensåret. Jf. formuleringa i framlegget frå arbeidsprogramnemnda framfor landsmøtet i Noregs Mållag i 2022.

Kjell Arne Tokheim: Er det systematisert samarbeid med dei andre mållaga i kommunen?
Sigrid E. Lerbak: Det er ikkje systematisert pr dato.

Siri Jordal: Tilrådde å arbeida meir direkte mot barn og unge t.d. støtte til teaterframsyning for skuleklassar.

Møteleiar oppsummerte:
Alle dei framsette forslaga vert innteke i protokollen og oversendt styret.

Sak 7. Val av styre
Valnemnda har vore: Gudrun Eimstad, Tommy Tverdal og Siri Jordal. Sistnemnde gjorde greie for arbeidet og la fram slik innstilling:

Leiar Sigrid Espeland Lerbak - attval for 1 år
Harald Jordal - skrivar- attval for 2 år
Kasserar 2 år: Ingen kandidat
Harry Solberg - ikkje på val
Solveig Grønlien - ikkje på val

Varamedlemer
1. Knut O. Dale attval for 1 år
2. Ragnhild Helle attval for 1 år
3. Håkon Tverdal ny for 1 år

Det vart presisert at etter vedtektene skal det veljast ein leiar og 4 medlemer til styret. Leiarvervet er på val kvart år.

Sigrid E. Lerbak føreslo Ragnhild Helle som styremedlem.

Møteleiar opplyste: Fordeling av verv etter vedtektene er styret si oppgåve. Vedtektene er ikkje til hinder for at kasserarfunksjonen kan leggjast innanfor styret så vel som utanfor styret.

Vedtak:
Sigrid E. Lerbak vart samrøystes valt til leiar for 1 år
Harald Jordal vart samrøystes valt til styret for 2 år
Ragnhild Helle vart samrøystes valt til styret for 2 år
Knut O. Dale vart samrøystes valt til 1. vara for 1 år
Håkon Tverdal vart samrøystes valt til 2. vara for 1 år
Styret får samrøystes fullmakt av årsmøtet til å finna kandidat til 3. vara for 2023.

Styret i 2023 er:
Leiar Sigrid E. Lerbak - attval 1 år
Harry Solberg - 1 år att
Solveig Grønlien - 1 år att
Harald Jordal - attval for 2 år
Ragnhild Helle - ny for 2 år

Varamedlemer
1. Knut O. Dale - attval for 1 år
2. Håkon Tverdal - ny 1 år
3. *(tom)*

Sak 8. Val av valnemnd
Gudrun Eimstad går ut av valnemnda etter no tre år.
Sigrid E. Lerbak fremja slik valnemnd:
1. Tommy Tverdal - attval for 1 år
2. Siri Jordal - 2 år att
3. Stine Kvam Haugland - ny for 3 år

Håkon Tverdal føreslo at Siri Jordal vert leiar.
Årsmøtet vedtok samrøystes dei framsette forslaga.

Sak 9. Val av revisor
Dagmar Lien Isdal vart samrøystes attvalt.

Sak 10. Val av utsendingar til årsmøtet i Hordaland Mållag
Laget har etter medlemstalet rett til fire utsendingar til fylkesårsmøtet på Stord 12. mars

Årsmøtet vedtok følgjande:
Utsendingar: Sigrid E. Lerbak, Knut O Dale, Ragnhild Helle og Harald Jordal
Vara: Håkon Tverdal og Siri Jordal
Styret kan føreta suppleringsval.

Sak 11: Målprisen 2022
Harald Jordal las opp styret si innstilling med grunngjeving om målprisen til Hallgeir Opedal.

Ingen andre kandidatar vart føreslegne.
Årsmøtet vedtok samrøystes:
Hallgeir Opedal vert tildelt målprisen for 2022 med opplesen grunngjeving. Tildelinga er offentleg og målprisen vert overrekt på eit offentleg arrangement i 2023 i regi av Odda Mållag.

Terje Kollbotn takka av som møteleiar.

Sigrid E. Lerbak takka Terje Kollbotn for stø og sikker møteleiing. Ho takka for tilliten ved leiarvalet og overrekte utgåande styremediem Håkon Tverdal blomeheising.
Knut O. Dale fekk og blom som avtroppande leiar i fjor.

Årsmøtet slutt kl 19.35

Rett protokoll vert stadfesta:

Jorid Ystanes

Jorid Ystanes

Lars Mannsåker

Etter årsmøtet vert det framifrå servering i regi av Solveig Grønlien.

Leiar i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge (på storskjerm) og Knut O. Dale drøfta brennaktuelle tema som;

- ny Opplæringslov,
- bokmålselevar i nynorskklassar på barnesteget
- språkdelte ungdomsskular
- vilkåra for nynorskelevane i den vidaregåande skulen
- digital likeverd i skulekvardagen

- samt avklarte Noregs Mållag sitt syn på likeverdige eksamenar i hovud- og sidemål. Peder Lofnes Hauge stadfesta at organisasjonen la til grunn like eksamenskrav og obligatorisk eksamen i hovud- og sidemål.

Verdien av eit sterkt medlemstal i Noregs Mållag vart særleg presisert frå leiaren. Ved inngangen til 2023 er medlemstalet over 15.000 for andre året på rad.

Peder Lofnes Hauge sa m.a. at han såg på bokmålselevar i nynorskklassar på barnesteget som eit lovbrot og at Opplæringslova si oppgåve er å medvirka aktivt til å sikra nynorskelevane sine språklege rettar som å gå i eigne nynorskklassar.

Noregs Mållag vil arbeida konsentrert for dette inn mot styresmaktene, inklusivt Stortinget, fram til lova skal vedtakast i juni.

Det vart og tid til direkte dialog mellom dei frammøtte og leiaren i NM.

Slutt kl 20.45

Harald Jordal
Møteskrivar